

Årsmelding for

# Kviteseid misjonskyrkje for 2019

Styret for Kviteseid misjonskyrkje har sidan siste årsmøte bestått av fem personar: Sigrun Lønning Solvang, Ane Spikkeland Holm, Øystein Kvamme, Mari Solvang Songe og Åsbjørg Hægeland. Nils Arne Grutle og Tone Fosse har vore varamedlemmar. Det har blitt halde seks styremøte i 2019 med til saman 42 saker. Alle referat ligg ute på nettsidene. Magnus Kvalbein har vore kasserar for Betel, og Anlaug og Ove Solvang har fungert som vaktmeister.

Vi har også dette året hatt viktige, jamnlege møte av ulike slag. I tillegg har vi hatt nokre enkeltarrangement som vi hugser med glede. Ei viktige einskildhending i år har vore TenTro-avslutninga. Dei tre ten-tro-elevane våre hadde undervisning og opplegg fram til mai, og det vart ein fin høgtidsdag på Betel der dette året vart runda av med fest for menigheten, familie og vener 25. mai.

Åsbjørg Hægeland takka nei til vidare tilsetjing på Betel etter sommaren, og dermed har vi det siste halve året ikkje hatt nokon tilsette i kyrkja vår.

Det kontinuerlege arbeidet vårt har vore om lag som det brukar:

I vårhalvåret hadde vi 6 ordinære sundagstreff, i tillegg til påskefrukost og sommaravslutning. Tema for sundagstreffa var ulike forteljingar frå GT, og deira bodskap til oss i dag; Å gjengjelde ondt med godt, å dele den gode budskapet, å gå til Gud når vi blir pressa og håna, og å bruke Guds ord. Barneandaktene vart stort sett dekke opp av folk internt i kyrkja. TenTro deltok med illustrasjonar til ei av forteljingane og ei gruppe yngre born deltok med skodespel. Vi hadde besøk av ulike talarar til å ha vaksentale; Johan Hammerich, Anne Margrethe Mandt-Anfindsen, Malin Malmgren Johansen (familieandakt), Sigrid Eilefstjønn og John David Wikstøl. Olav B. Holm og Sverre Solvang har spelt til allsongen dei aller fleste gongene.

I hausthalvåret hadde vi også 6 sundagstreff, i tillegg til jolemøtet. Tema dette halvåret var; å sjå seg sjølv og andre med Jesu auge, fridom, von i med og motgang, tilgjeving og forsoning og bønnerett. Vi har hatt fleire møte med felles familieandakt dette halvåret. Vi har hatt besøk av Jan Danielsen, Øyvind Slåtta, Janna Nordgaard og Møyfrid Lunde, i tillegg til Gunstein Draugedalen og Sven Øverland på jolemøtet. Olav B. Holm starta opp som organist i Den norske kyrkja denne hausten, og bad om at vi fann andre løysningar for musikken. Ane S. Holm har tatt stort ansvar for dette, ved å spele sjølv og/ eller ved å engasjere fleire av dei unge i kyrkja vår til å spele. I tillegg har Sigrun Kvamme hjelpe oss med pianospeling på eit par møte.

I laupet har året har vi også hatt utlodding på to sundagstreff, nattverd 1-2 gonger pr halvår, vitnemøte eit par gonger, kreativt måleverkstad / samtaleopplegg på eitt møte. Vi har også hatt

besøk av både Kviteseid Soul Children, Unge Røyster og Kviteseid Barnegospel. Også dette året gjekk kollekten på samlingane våre til Jakobs Hus i Colombia.

I tillegg til sundagstreffa har det vore jamnlege strikkekafeer også heile dette året. Anlaug Solvang og Gunhild Berntsen driv denne, og vi ser at kafeen har ein viktig diakonal funksjon. Dei har hatt 11 samlingar dette året.

Vi samarbeider framleis med Fredheim om Fredagsklubben. Klubben samlar mange ungdom og er eit viktig møtepunkt for dei. Betel bidrar med vaksne til å lage taco, med ungdommar i lovsangsbandet, med økonomisk stønad, og med forbøn for klubben.

Bønemøta kva onsdag samlar ein liten trufast gjeng og har framleis plass til fleire. *Bøn for Kviteseid* har halde fram på Betel i heile år. Dette er felleskyrkjelege bønemøte siste onsdag i månaden.

I tillegg til dette kontinuerlege arbeidet, har vi hatt ei Ansgar-helg i oktober. Ansgar Gospel Choir hadde konsert på Kvitsund ein fredagskveld. Dette samla mange Kvitsundelevar, samt folk frå ulike samanhengar i Kviteseid. Laurdagskvelden var det lovsangskveld på Betel med ei flott gruppe frå Ansgar Bibelskule. Desse var også med på Misjonshusets familiemøte sundags føremiddag same helg.

Vi har også hatt ein bibeltime ved Johan Hammerich med temaet nådegåver. Kledeinnsamling i regi av Agder- og Telemarkaksjonen blei halde i mai. I tillegg er vi med på arrangement i regi av fellesmøtekomiteen; felles familiemøte i januar, fellesmøte i mars, Godhetsveka og songmøte med Arvid Pettersen.

I desember hadde vi eit flott jolemøte med besøk av Gunstein Draugedalen og Sven Øverland. Dei inviterte seg sjølv, og hadde ei flott markering av at det var 60 år sidan Sven Øverland og 2 andre ungdommar vart sendt til Betel av Ingulf Diesen for å ha møte i Kviteseid. Det vart ei rik vekkingstid, og mange bøygde kne for Gud. Ein av desse var Gunstein Draugedalen, som på den tida kun var 13 år. På jolemøtet vart det mimring, song og andakt, og mange møtte opp. Vi fekk ei varm påminning om kva Betel har fått bety for mange menneske opp gjennom åra.

Sundagstreffa samlar noko færre folk enn tidlegare år. Vi har brukt mykje tid mellom anna i styret for Betel på å snakke om vegen vidare for kyrkja vår. Tre av styremedlammene hadde eit spanande møte med menighetsrådgjevar Anne Margrethe Mandt-Anfindsen i vår. Her var temaet status for menigheten og kva vi tenkjer om menighetens vidare utvikling. Vi er mange som er takksame for det Betel har betydd for både oss sjølv og ungane våre! Samstundes er det grunn til djup ettertanke å registrere at vi ikkje har opplevd tilvekst av nye folk i den siste tida. Vi ber om å få vere vakne og lydhøre for Guds planar med Betel vidare framover!